



Dei tilsette. Mi oppgåve er å ta vare på dei tilsette og sørge for gode prosessar, seier tillitsvald for sjukepleiarane, Parasto Gholami.

Sjukepleiarforbundet tek ikkje stilling

– Norsk Sykepleierforbund har ikkje teke stilling til ei kommunesamanslåing. Me vil vere med å finne gode løysingar dersom det blir samanslåing.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Det seier tillitsvald for sjukepleiarane i Bø kommune, Parasto Gholami.

Ho seier at sjukepleiarforbundet si oppgåve er å ta vare på medlemmane. Forbundet har vore med i gruppa av tillitsvalde som har følgd møta til forhandlingsutvalet. Rådmannen har også vore med på møte med forbundet.

– Bø kommune har vore vel-

dig flink til å kome med informasjon tidleg, seier Gholami.

Ho trur dei fleste har tilgang på nok informasjon til å gjere seg opp ei mening.

– Forbundet meiner at det er feil om det skal kome med argument for eller imot. Me skal vere med å finne gode løysingar dersom det blir ei kommunesamanslåing, seier Gholami.

– Helsesektoren er ein av dei sektorane mange meiner det er mykje å hente ved ei kommunesamanslåing. Skjønner du at folk synest det er interessant å seie kva det som jobbar i sektoren trur om ei samanslåing?

– Eg skjønner at innbyggjarane føler behov for informasjon. Me ønskjer gode forsvarlege tenester for innbyggjarane i Bø, men mi oppgåve er å ta vare på dei tilsette og sørge for gode

prosessar, seier Gholami.

Ho opplyser at det så langt ikkje har kome sterke synspunkt på saka frå medlemmane.

Fagforbundet nøytralt

– Fagforbundet er i utgangspunktet nøytralt, seier lokallagsleiar Torgeir Gullbekk Hansen.

Han seier et det er tre ting som er viktige for Fagforbundet, det er fakta, frivilligheit og folkeavstemming.

– Det første og det tredje er oppfylt, i Bø er me så heldige at me skal ha folkeavstemming. Det med frivilligheit veit me ikkje enno, seier Hansen.

Han viser til at dei tilsette i Bø kommune blant anna vart spesielt inviterte til folkemøtet på Gullbring. Det er Jan Forberg som har møtt for Fagforbundet når det har vore møte i

forhandlingsutvalet. Hansen har inntrykk av at ein har fått vore med og kome med innspel i diskusjonane når det har vore på sin plass.

Hansen kan forstå at det kan vere interessant for innbyggjarane å vite kva Fagforbundet meiner, men han seier at dersom det blir ja vil ein gå inn i forhandlingane for å gjere det beste for medlemmane.

– Me vil oppretthalde tilbudet til innbyggjarane. Eg trur dei kan få like godt tilbud i ein større som i ein mindre kommune, seier Hansen.

Hansen opplyser at Fagforbundet organiserer alt frå toppleiarar til assistentar, folk i barnehage, skule og helsesektoren.



Nøytralt. Fagforbundet er i utgangspunktet nøytralt, seier lokallagsleiar Torgeir Gullbekk Hansen